

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
TORS DAG 5. DESEMBER 2019 KL. 14.30-17.30, STORD HOTEL**

Desse møtte:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune
Aud Gunn Løklingholm, Bømlo kommune
Sammy Olsen, Bømlo kommune
Hilde Aa. Haraldseide, Etne kommune
Ekrheim, Mette Heidi B., Etne kommune
Olaug Haugen, Fitjar kommune
Gaute Epland, Stord kommune
Ruth G. Ø. Eriksen, Sveio kommune
Jostein Førre, Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune

Frå administrasjonen møtte:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall:

Morten Storebø, Austevoll kommune – Harald Rydland, Fitjar kommune (var med på orienteringane i forkant av møte) - Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune – Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune – Magnus Mjør, Stord kommune Steinar Dalland, Tysnes kommune.

Då var føre:

- Sak 49/19 Godkjenning av referat frå møte 8. november d.å.
Sak 50/19 Uttale til Kraftskatteutvalet sitt framlegg «Skattlegging av vasskraftverk»
Sak 51/19 Nytt arbeidsutval
Sak 52/19 Skriv og meldingar
- a) Prosjekt mot forsøpling
 - b) Planretningslinjer for strandsona
 - c) Autopass på ferjer
 - d) Endring i møteplanen for 2020
 - e) Møte i Oslo 27 og 28 januar
 - f) Svar frå Samferdselsdepartementet vedr. Bømlo Fiskerihamn
 - g) Driftsorientering
- Sak 53/19 Ymse
- a) Tingretten
 - b) Møte med Hardangerrådet
 - c) Sunnhordland Museum

Sunnhordland, 9 desember 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
TORS DAG 5. DESEMBER 2019 KL. 14.30-17.30, STORD HOTEL**

I forkant av møte vart det gjeve ei orientering om utbyggingsplanane ved Sunnhordland Museum av direktør Linda Øen.

Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune og ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune orienterte om E39 Hordfast og E134 før leiar i hovudutval for samferdsle og mobilitet i Vestland, Jannicke Clarke og fylkesvaraordførar Natalia Antonia Golis orienterte rådet om prosessen med Nasjonal Transportplan.

Sak 49/19 Godkjenning av referat frå møte 8. november d.å.

Samrøystes godkjent.

Sak 50/19 Uttale til Kraftskatteutvalet sitt framlegg «Skattlegging av vasskraftverk»

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen frå Kvinnherad kommune, slik den ligg føre.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 51/19 Nytt arbeidsutval

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner at arbeidsutvalet for perioden desember 2019-2021 vert:

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune
Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune
Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune
Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 52/19 Skriv og meldingar

- a) Prosjekt mot forsøpling
- b) Planretningslinjer for strandsona
- c) Autopass på ferjer
- d) Endring i møteplanen for 2020

- e) Møte i Oslo 27 og 28 januar
- f) Svar frå Samferdselsdepartementet vedr. Bømlo Fiskerihamn
- g) Driftsorientering

På møte:

a) Prosjekt mot forsøpling

Dagleg leiar orienterte om at administrasjonen har vore i møte med SIM for å drøfta eit mogeleg samarbeidsprosjekt.

Samarbeidsrådet ønskjer at administrasjonen arbeider vidare med prosjektet og invitere inn til møte med sentrale aktørar.

b) Planretningslinjer for strandsona

Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune orienterte om at arbeidsgruppa har utsett sitt arbeid til over nyttår. Dette på grunn av budsjettarbeidet i kommunane krev tid.

c) Endring i møteplanen for 2020

Det er gjort nokre endringar i møteplanen for 2020.

- Møte med stortingsrepr/departement vert vurdert om det må flyttast.
- Atheno ønskjer å invitere til møte og middag 20 februar.
- Møte 20 mars vert flytta fram til 13 mars.

Ny møteplan ser slik ut:

VÅR 2020

Møter	Jan	febr	Mars	April	Mai	Juni
Arbeidsutvalsmøte	24					
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		7				
Møte med stortingsrepr/departement i Oslo	27-28?					
Møte med Atheno		20				
Arbeidsutvalsmøte		28				
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.		28				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			13			
Representantskapsmøte				24		
Arbeidsutvalsmøte					22	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland						5
Møte med Haugalandrådet						5

7. februar – Austevoll

20. mars – Tysnes

24 april – Sveio

5. juni – Fitjar (her må ein avtale nærare med Haugalandrådet)

HAUST 2020

Møter	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Arbeidsutvalsmøte	21				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		4			
Arbeidsutvalsmøte			2		
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.			2		
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			16		
Arbeidsutvalsmøte				20	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland					3-4

4. september – Etne
16. oktober – Bømlo
3-4 desember – Kvinnherad

d) Møte i Oslo 27 og 28 januar

Grunna møtekollisjon for stortingsrepresentantane frå Hordaland må ein vurdere om ein må finne nye datoar for turen til Oslo. Det vert teke ei endeleg avgjerd når ein har fått tilbakemelding på om datoane høver for dei ulike departementa.

e) Svar frå Samferdselsdepartementet vedr. Bømlo Fiskerihamn

Svarbrev låg som vedlegg til møteinnkallinga.

Fung.rådmann Aud Gunn Løklingholm orienterte om at det blir arbeidd med at næringslivet på Bømlo skal vera med på forskottering av arbeidet.

Samarbeidsrådet tek orienteringa til følgje.

Sak 53/19

Ymse

a) Tingretten

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune stilte spørsmål til kvifor tingretten ikkje var sett opp som sak. Administrasjonen orienterte om at dette var ein klar over, men hadde vore avventande til tilbakemelding frå arbeidsgruppa.

Epland orienterte om at gruppa hadde hatt eit kort drøftingsmøte, men kjem tilbake med meir informasjon ved eit seinare høve. Tingrett vert sak i møte med justisdepartementet når Samarbeidsrådet skal til Oslo.

b) Møte med Hardangerrådet

Dagleg leiar orienterte om at Hardangerrådet ønskjer å invitere Samarbeidsrådet til eit møte i januar for å drøfta moglegheit for større regionråd.

c) Sunnhordland Museum

Etter orienteringa til direktør Linda Øen i forkant av møte, vart ein samde om å ta kostnader ved utbygging av Sunnhordland Museum opp til drøfting under ymse. Dette vart ikkje gjort.

Under orienteringa stilte Øen spørsmål om kommunane / Samarbeidsrådet kunne gje ei skriftleg støtteerklæring til prosjektet, som kan leggjast ved søknad om eksterne midlar. Dette var det oppslutnad om.